

# DRIFTSPLAN 5-ÅRIG

Skal du overta gard? Korleis vert økonomien etter ei større investering? Ynskjer du betre oversikt over økonomien framover? Ein driftsplan gjev eit godt bilete på korleis økonomien vil verte dei neste 5 åra for føretaket og familien din.

Driftsplanen tilfredsstillir krav til økonomisk dokumentasjon ved lånesøknader til bankar og ved søknad om BU-midlar frå Innovasjon Norge.

## Føremål

Gjennom utarbeiding av ein driftsplan skal du få:

- Avklara den økonomiske utviklinga for føretaket og familien neste 5 år ut frå dei planar de har
- Vurdert økonomiske konsekvensar av:
  - å gjere større endringar i drifta
  - gjennomføring av større investeringar
  - endringar i finansieringa

## Kva er ein driftsplan?


Driftsplanen skal vise økonomisk resultat pr. år dei neste 5 åra, når alle inntekter og utgifter for føretaket og familien er inkludert. Dvs. at driftsplanen omfattar:

- alle jordbruksproduksjonar i føretaket, og eventuelle andre næringer
- lønsarbeid utanom garden
- skattar og privatforbruk
- renter og avdrag
- finansiering av nye investeringar

I arbeidet med driftsplanen set me fokus på:

1. Familien  
Korleis ynskjer de at føretaket skal vera om 10 år?  
Kva ynskjer har familien for sin situasjon framover?  
Kva arbeidskraft er disponibel?
2. Føretaket – garden, gartneriet  
Kva ressursar har føretaket i dag i form av areal, bygningar, maskinar, dyr, samt arbeidskraft?  
Kva må gjerast for å koma dit de ynskjer om 10 år?  
Korleis går produksjonen i dag - kva resultat vert oppnådd?

3. Finansiering  
Korleis finansierer me ny investering/kjøp? Korleis vert økonomien ved endra rente- og avdragsvilkår?
4. Omverda  
Kva moglegheiter og truslar i ramevilkår, økonomisk utvikling og politikk må takast omsyn til når me planlegg for ny ønska situasjon?



## Korleis lagar me ein driftsplan?

Driftsplanen vert laga i samarbeide mellom økonomirådgjevar frå rekneskapslaget og deg med familie. Ved behov trekker me inn fagrådgjevarar innan plante- og husdyrproduksjon, og andre.

For å få sikrast resultat vil me vite kva dekningsbidrag som vert oppnådd i dag gjennom ein driftsanalyse av eksisterande produksjonar i føretaket.

Nye prosjekt og investeringar, eventuelle nye produksjonar, lønsarbeid, lånevilkår med meir vert lagt inn ut frå det som vert rekna som realistisk.

Det er enkelt å lage fleire alternativ, slik at me får ein følsomheitsanalyse av korleis ulike føresetnader slår inn på botnlinja.

Dei aktuelle alternativa vert teke vidare til ein 5-årig driftsplan, med tilpassingar til reell forventta situasjon det enkelte året etter at investeringa/endinga vert gjort.

### Døme på driftsplan

Kari og Per ynskjer å byggje nytt lausdriftsfjøs. Kari vil gjerne slutte sitt 50% arbeid utanom garden for å verte heiltidsbrukar, og å få meir tid til familien. I tillegg trekker Per sin far på åra, og kan ikkje bidra så mykje som før.

Dei ynskjer å leige kvote i tillegg til egne 174.000 liter. Vidare har dei i dag 2.100 slaktegris pr. år og 50 daa potet.

Går dette rundt – både arbeidsmessig og økonomisk?

Oppnådd dekningsbidrag 2012 i dagens produksjonar vert nytta som utgangspunkt i driftsplanen.

Produksjon	Prod.volum 2015	Rekneskap	Alt. 1	Alt. 2	Alt. 3
		2012	Dekningsbidrag pr. eining		
Mjølkekyr	400 000	3,71	3,50	3,71	3,20
Slaktegris	2 100	314,00	320,00	350,00	280,00
Potet	50	3 672,00	3 600,00	3 900,00	-
	0	0	-	-	-
	0	0	-	-	-
= Sum dekningsbidrag		1 460 223	2 252 000	2 414 000	1 868 000
+ Produksjonstilskot		343 708	364 813	364 813	364 813
+ Vederlag / leige frå samdrift		0	0	0	0
- Faste kostnader		1 129 591	-964 800	-964 800	-964 800
- Avskrivningar		0	-493 589	-493 589	-493 589
= Driftsoverskot		674 340	1 158 424	1 320 424	774 424
+ Nye næringer / anna næring		0	0	0	0
+ Skogbruk		0	0	0	0
+ Lønsinntekter kunde / ektefelle		313 200	0	0	300 000
+ Arbeidsvederlag frå samdrift		0	0	0	0
Til disp.evt. korreksjonar		0	0	0	0
- Renteutgifter			-483 245	-491 420	-491 420
+ Rentestøtte			25 458	25 458	25 458
+ Kapitalinntekter			0	0	0
= Nettoinntekt		987 540	700 638	854 463	608 463
- Skatt (etter jordbruksfradrag)		0	-177 559	-244 055	-59 153
- Privat forbruk			350 000	350 000	350 000
+ Barnetrygd, barn 0-18	2		23 280	23 280	23 280
= Til eigenkapital			196 359	283 688	222 589
+ Avskrivningar			493 589	493 589	493 589
= Til avdrag og eigenkapital			689 948	777 276	716 178
- Avdrag			-610 000	-610 000	-610 000
= Til eigenkapital			79 948	167 276	106 178

Per og Kari får utarbeida tre litt ulike alternativ:

- Alt 1  
DB mjølk litt ned pga. mindre påsett. DB slaktegris og potet som før. Kari sluttar arbeidet.
- Alt 2  
DB mjølk som før pga. forventar betre fôrutnytting og større mjølkemengde med nytt fôringsopplegg. DB slaktegris og potet er sett høgare enn 2009 pga. forventar betre resultat. Kari sluttar arbeidet.
- Alt 3  
DB mjølk redusert for å ta høgde for innkøyringsproblem/sviktande inntjening. DB slaktegris redusert pga. usikker marknad. Potet vert kutta ut pga. mykje arbeid. Driftsplanen viser at Kari må fortsetje på arbeidet for å få tilstrekkeleg inntjening.

Per og Kari går vidare med alt 1. Dei får laga ein 5-årig driftsplan med opptrapping av mjølkeproduksjonen dei to neste åra når fjøset er ferdig.

### Kva kostnad og tidsbruk har ein driftsplan?

Når du og familien investerer millionar i utvikling av føretaket, er det viktig med den tryggleiken og forutsigbarheiten som driftsplanen gjev om økonomien.

Driftsplanen gjer det også mogleg å vera i forkant av utviklinga.

Driftsplanar vert laga på timebetaling. Kostnad mellom kr. 5.000 – 12.000 er realistisk for dei fleste.

#### Klepp Rekneskapslag SA

Postvegen 209  
4353 KLEPP ST.

Telefon: 5178 6990  
Telefax: 5178 6991

e-post: klepp@grl.no  
www.kleppgrl.no  
Org.nr. 971 557 397  
Bankkonto: 3290.05.90228